

Må ha namn på lista til soknerådsvalet i september.

11.03.2019



Soknerådet bed om hjelp til å finna fram til personar for val til nytt sokneråd i Uskedalen.

**Valnemnda til Kyrkevalet 2019 har starta arbeidet med å finna namn på lista. Soknerådet er valstyret og skal innan utgangen av april ha ei liste klar med minst 10 namn. Valet er måndag 9. september. Frå 10. august det kan det gjennomførast førehandsrøysting. Til no har arbeidet med å få personar på lista vore lite vellukka. I verste fall må noverande sokneråd bed om samanslåing med Husnes, Valen og Holmedal.**

Alle medlemer over 18 år i Den Norske kyrkja er valbare og kan i utgangspunktet ikkje sei nei til val. Lista skal avspegla breidde og mangfald. Ynskje er å finna medlemer som vil vera med i eit interessant og gjevande arbeid for å skapa ei levande folkekyrkje.

I Uskedal sokneråd er det 6 faste medlemer og 5 varamedlemer. I forkant er det sendt ut eit skriv med nyttig informasjon til over 70 utvalde personar i Uskedalen. I vekene etterpå er personane kontakta på telefon og spørsmål om å stå på vallista til soknerådsvalet. Resultatet har så langt vore nedslåande.

**Valnemnda bed om hjelp. Dersom du kan tenkja deg å stå på lista, ta kontakt med ein av desse:**

- **Svanhill Haugland**
- **Thor Inge Døssland**
- **Ove Magne Myhre**

Det er viktig å få fram at tre medlemer i noverande sokneråd tek attval. Tre medlemer bed om fritak. Det er likevel Kyrkjevalet 2019 i september som er avgjerande for kven som vert med i det nye soknerådet.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal

